

## SMIL 2025 Tiltak i beiteområde 2025

NB! Du søker på Altinn

**SØKNADSRIST: 5. mars 2025**

Føremålet med tilskotsordninga for **SMIL** (spesielle miljøtiltak i jordbruket) er å først og fremst å fremje natur- og kulturminneverdiane i jordbruket sitt kulturlandskap og redusere ureining frå jordbruket. Kommunen inviterer gardbrukarar, og andre som er søkjegode etter ordninga, til å søkje.

Føremålet med tilskotsordninga for **tiltak i beiteområde** er å legge til rette for best mogleg utnytting av beite i utmark, redusere tap av dyr på utmarksbeite og fremje fellestiltak i beiteområda. Tilskot til tiltak i beiteområde er ei eiga ordning, men ein nyttar same skjema i Altinn som for tilskot til SMIL.



Du søker her for SMIL: <https://www.altinn.no/skjemaoversikt/landbruksdirektoratet/tilskudd-til-spesielle-miljotiltak-i-jordbruket-smil/>

Og du søker her for Tilskot til tiltak i beiteområde:

<https://www.altinn.no/skjemaoversikt/landbruksdirektoratet/tilskudd-til-tiltak-i-beiteomrader/>

### Tiltak som kan få støtte etter SMIL-ordninga - etter føremål:

**Kulturlandskap** – ta vare på jordbrukets kulturlandskap utover det ein oppnår gjennom dei nasjonale ordningane.

**Biologisk mangfald** – ta vare på utvalde naturtypar, trua naturtypar og biologisk verdfulle areal i jordbruket.

**Kulturminne og kulturmiljø** – å setje i stand, og halde synleg, spor i landskapet etter tidlegare tiders jordbruksdrift og busetnad, slik som verneverdige bygningar, gravminne og rydningsrøyser.

**Friluftsliv** – ta vare på tilgangen for ålmenta og å medverke til å halde ved like ein «grøn infrastruktur», i jordbrukets kulturlandskap.

**Avrenning til vatn** – å redusere avrenning av næringsstoff og partiklar til vassdrag og kyst. Tiltaka er viktige for å bidra til at måla etter vassforskrifta vert nådde.

**Utslepp til luft** – å stimulere til gjødslingsmetodar som gir redusert utslepp av ammoniakk og lystgass.

**Plantevern** – å stimulere til bruk av andre metodar for ugrastyning enn bruk av kjemiske plantevernmidlar.

### Tiltak som kan få støtte etter ordninga Tilskott til tiltak i beiteområde

#### Sperregjerde

Eit sperregjerde skal hindre beitedyr i å kome ut av beiteområdet. Sperregjerde kan også tene til å avgrense beiteområdet mot veg, jarnveg, tettbygd strok og samanhengande jordbruksområde. Reine inngjerdingar av beitedyr i utmark fell ikkje inn under definisjonen av sperregjerde, og tilskott skal normalt ikkje løyvast til dette. Heller ikkje skal det gjevast tilskott til gjerde mellom innmark og utmark som fell inn under Lov om grannegjerde.

#### Ferister

Ferister bør vere av godkjent fabrikat eller bygd etter standardteikningar.

## Bruer

Det kan gjevast tilskott til bruer som er dimensjonerte for føring av beitedyr. Dersom bruene er kraftigare dimensjonert kan kostnadsoverslag eller tilskottsdelen reduserast tilsvarande.

## Gjetarhytter

Kostnadsoverslag for gjetarhytter kan omfatte hytter på inntil 20 m<sup>2</sup> med kvadratmeterpris som svarar til gjennomsnittleg kostnad for hytter av enkel standard i det aktuelle området.

## Sanke- og skiljeanlegg

*Oppgi tal meter gjerde og anta grindar + skisse*

## Anlegg/rydding/ utbetring av driftevegar

## Saltsteinsautomatar

## Transportprammar

## Elektronisk overvakingsutstyr

Radiobjøller, lammenodar, merkesavlesarar, FindMySheep, dronar m.m.

## Elektronisk gjerde

t.d. av typen Nofence

## Planleggings- og tilretteleggingsprosjekt

Dette kan vere ulike typar prosjekt som rettar seg mot organisering og tilrettelegging av utmarksbeita for god og effektiv beitebruk. Dette kan m.a. omfatte:

- Planlegging og prosjektering av faste installasjonar
- Ny organisering av beitelag og utmarksbeiteområde
- Prosjektretta arbeid for stimulering til auka beitebruk og rasjonell utnytting av beita
- Tidsavgrensa utprøving av nytt utstyr som kan medverke til effektiv og god beitebruk
- Utarbeiding av planar (beitebruksplan, tiltaksplan, beredskapsplan m.m.) for utmarksbeite

## Vegetasjonskartlegging

### Satsar SMIL og tiltak i beiteområde - 2025:

#### Inngjerding av frukt-, bær- og grønssakhagar (kr/løpemeter)

- Permanente areal som gir rett til produksjonstillegg \_\_\_\_\_ 150

#### Restaurering av steingjerde (kr/løpemeter):

Svært varierende kostnas avhengig av tilstand.

- Restaurering av mur; høgde ca. 120 cm og med lokal stein (inkl. arbeid) \_\_\_\_\_ 150

#### Rydding av gamal kulturmark (kr/dekar):

Prisen kan variere mykje avhengig av kor tett det er med vegetasjon.

- Lett rydding - lett tilgjengeleg areal (inkl. arbeid) \_\_\_\_\_ 800
- Middels tung rydding - middels tilgjengeleg areal (inkl. arbeid) \_\_\_\_\_ 1 500
- Tung rydding - t.d. bratt areal (inkl. arbeid) \_\_\_\_\_ 2 000

#### Slått av gamal kulturmark (Ljøen, Ansok o.l.) (kr/dekar) \_\_\_\_\_ 500

#### Godkjende kostnader/prisar for eige arbeid (kr/time)

- Eige arbeid \_\_\_\_\_ 200
- Arbeid med bruk av eiga motorsag \_\_\_\_\_ 300
- Arbeid med bruk av eigen traktor ('vanleg jordbrukstraktor') \_\_\_\_\_ 500
- Arbeid med bruk av eigen traktor m/dumparhengar \_\_\_\_\_ 800

- Gravemaskin \_\_\_\_\_ 1 000
- Lastebil \_\_\_\_\_ 1 000

Kommentar:

Desse satsane er rettleiande i kalkylane som vert lagde til grunn ved utrekning av *godkjent kostnadsoverslag* frå kommunen si side. Dei seinare åra har ein gått meir og meir over til slike **standardiserte satsar** for å sikre størst mogleg likebehandling av søkjarane. Ved utfylling av elektronisk søknad er det likevel ein føremon å oppgi *reelle kostnader* fordi dette dannar grunnlag for den historiske kvoten Statsforvaltaren legg til grunn ved fordeling av midlane til kommunane. Dei reelle kostnadene er nemleg som regel vesentleg høgare enn dei standard-satsane som tabellen ovanfor oppgir.

**Sakshandsamar:** Andrea Sundgot

**E-post:** [andrea.sundgot@stranda.kommune.no](mailto:andrea.sundgot@stranda.kommune.no).

**Mobil:** 464 11 022